



Uttale til nasjonal ramme for vindkraft på land

LØPENR/SAKSNR: 11982/2019-2018/98	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 20.08.2019
--------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 19/87 19/105 19/98	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø Formannskapet Kommunestyret	MØTEDATO: 03.09.2019 05.09.2019 05.09.2019
---	--	---

Bakgrunn

Kommunen har fått på høyring NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land.


Høyringsfristen vart først sett til 1. august 2019, men er seinare utsatt til 1. oktober 2019.

Arbeidet med ei nasjonal ramme for vindkraft er ei oppfølging av energimeldinga (Meld. St 25 (2015-2016) som Stortinget slutta seg til våren 2016. I meldinga står det at «*regjeringen vil legge til rette for en langsiktig utvikling av lønnsom vindkraft i Norge*», og at «*Olje- og energidepartementet vil utarbeide en nasjonal ramme for konsesjonsbehandling av vindkraft på land*»

NVE fekk oppdraget med å leie arbeidet frå OED i februar 2017. I følge oppdragsbrevet og energimeldinga er føremålet med den nasjonale ramma å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane vert valde når det vert søkt om konsesjon, bidra til at konsesjonsbehandlinga vert meir effektiv og føreseieleg og dempe konflikter.

OED har bede NVE skalere arbeidet med utgangspunkt i at eit vesentleg bidrag ny vindkraft kan muliggjerast på lang sikt.

NVE har jobba saman med andre fagdirektorat i to år. Det ferdige forslaget vart lagt fram 1. april 2019. Forslaget inneheld eit samla kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft og eit kart som syner 13 områder som NVE har peika ut som dei best eigna for ny produksjon av vindkraft på land.



Dei 13 områda som NVE har
peika ut som best eigna for ny vindkraft

Ramma/kartet er ikkje ein utbyggingsplan, men eit faglig råd som prøver å vege behovet for ny kraft opp mot naturverdiar og andre verdiar. NVE meiner at både teknisk-økonomiske omsyn og miljø- og samfunnsinteresser er godt ivareteke i kartet.


Det er fortsatt den tradisjonelle konsesjonsbehandlinga som skal avgjere om ein stad er eigna for vindkraft, men NVE har signalisert at det vert vanskeligare å få konsesjon utanfor områda som direktoratet har peika ut.

NVE sin hovudrapport med forslag til ramme for vindkraft, tilhøyrande temarapportar og kart er tilgjengelige nett: <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/>


For å komme fram til forslaget fjerna NVE først alle områder som opplagt ikkje har føresetnader for vindkraft – til eksempel grunna vindtilhøve, vernestatus, flytrafikk, radarar og liknande. Nesten 2/3 av det Norske landarealet vart teken ut i denne første runden. Dei resterande områda vart deretter systematisert i 43 analyseområder som Riksantikvaren, Miljødirektoratet og andre relevante fagmyndigheter har sett nærare på og gjeve innspel til. Etter denne runden vart 43 område redusert til dei 13 områda som NVE no står att med.

Eit av dei 13 områda NVE har peika ut, ligg i Agder og Rogaland (sjå kart nedanfor). I grunngjevinga skriv NVE at dette området har veldig gode produksjonstilhøve og er eit av dei best eigna områda for ny produksjon i eit kraftsystemperspektiv. Området omfattar store delar av arealet i Sirdal kommune. Verneområda, og nasjonalt villreinområde er ikkje med.

Sirdalsheiane vest, sør for Hunnedalen



Heiområdet mellom Buheii og Tonstad vindkraftverk



The map displays the Oslo region with population density data. The legend on the right indicates four density levels: 0-100 (lightest), 100-200, 200-300, and 300-400 (darkest). The map shows various municipalities and their corresponding population densities. A green line highlights a specific boundary or route. The map includes labels for municipalities such as Bærum, Drammen, Halden, and others.

[illegible]

Vurdering

I høyringsbrevet skriv OED at departementet vil gå gjennom NVE sitt forslag og høyringsuttalane før det vert teke endelig stilling til politikken for vindkraft på land. OED ber om å få innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

Rådmannen oppfattar at departementet både ønsker prinsipielle innspel knytt til det å setje rammer for vindkraftutbygging på land og innspel som går konkret på innhaldet i NVE sitt forslag.


Bør det fastsettest ei nasjonal ramme for vindkraft på land?

Ja, definitivt. I den grad ein meiner det er nødvendig å bygge ut meir vindkraft på land, bør dette skje innanfor klare nasjonale rammer som fastsetter kor mykje som kan byggast ut, kvar det kan byggast. Dette burde vore gjort før ein sette i gang med utbygging av vindkraft i Noreg.

I samfunnet elles er det vanlig at større utbyggingar skjer etter ein overordna plan. Ein samla plan for vassdrag vart laga på 1980-talet. Gjennom nasjonal transportplan vert det lagt føringar for utbygging av infrastruktur for transport. Overordna føringar for arealbruk vert lagt i regionale planar og kommuneplanar.

Så langt har det vore liten politisk vilje til å drive overordna planlegging for vindkraft. Ansvar for å finne eigna stader for utbygging har langt på veg vorte delegert til utbyggingsinteressene. NVE har – i mangel på overordna plan og strategi – vurdert søknad for søknad isolert, utan tilstrekkelig syn for heilskapen.

Ein har, som kartutsnittet nedanfor syner, fått ei relativt spreidd utbygging, prega av mange små og halvstore prosjekt. Dette er uheldig med tanke på samla belastning. Om ein i plassen hadde konsentrert utbygginga innanfor nokre strategisk utvalde område i landet ville belastninga for folk, natur og landskap i Noreg – samla sett – ha vorte mindre, sjølv om den naturleg nok hadde vorte større innanfor dei utvalde områda.



Oversikt over vindkraftkonsesjonar gitt på Sørvestlandet. Mørkegrønt syner utbygd vindkraft, lysegrønt vindkraft under utbygging og blått vindkraft som har fått konsesjon, men som ikkje er utbygd ennå. Storleiken til sirklane reflekterer storleiken til kraftverka.

Forankring av nasjonal ramme for vindkraft i klimapolitikken

Rådmannen meiner det er behov for ei tydeligare forankring av nasjonal ramme for vindkraft i norsk klimapolitikk. Det er den globale klimakrisa som har vore det bærande argumentet for utbygging av vindkraft. Rådmannen kan ikkje sjå at det er andre omsyn som er tungtvegande nok til å legitimere denne forma for kraftutbygging i Noreg.

Er det *nødvendig* å bygge ut meir no? Kvifor er det *nødvendig* å bygge ut meir? Kor mykje er det *nødvendig* å bygge ut? Denne typen spørsmål er det truleg mange naturglade og klimabevisste folk rundt om i landet som stiller seg i desse dagar.

Rådmannen har følgjande spådom: **Nasjonal ramme for vindkraft vil slite med å få legitimitet hjå befolkninga om ein ikkje klarer å gi gode og truverdige svar på desse spørsmåla.**

For å verta truverdig, må behovet for utbygging definerast gjennom klimapolitikken. Rådmannen trur mange har behov for å sjå at vindkraftutbygginga inngår som del av ein planlagt heilskap av klimatiltak; og behov for å verta forsikra om at vindkraftdelen av «klimapakken» er nøye utmålt etter grundige avvegingar av fordelar og ulemper knytt til val av virkemiddel for å oppfylle nasjonale og internasjonale klimamål.

Klimakrisa er ei global krise som må løysast gjennom globalt samarbeid. Rådmannen meiner at det ikkje nødvendigvis er gitt at utbygging av vindkraft i norsk urørt natur treng inngå som ein del av løysinga.

Det internasjonale energibyrådet (IEA) publiserte i mai i år ein rapport der dei peikar på nøkkelrolla til atomkraft i overgangsfasen til eit klimavenleg energisystem. Atomkraft, som i 2018 stod for 10% av den globale elektrisitetforsyninga, går no ei usikker framtid i møte i mange land.

IEA meiner det er risiko for ein bratt tilbakegang i bruken av atomkraft og åtvar mot klimakonsekvensane av dette. Trass rask vekst innan fornybar energi, vart det i 2018 sett ny rekord i energirelaterte klimagassutslepp. IEA forklarar dette med at veksten i etterspurnad etter elektrisitet overgjekk veksten i fornybar energi.

IEA vurderer det som både vanskelig og dyrt å gjennomføre eit skifte til eit klimavennlig energisystem utan tilskot av ny atomkraft og anbefalar difor ei rekke tiltak for å auke levetida til eksisterande atomkraftverk og stimulere til ny utbygging.

For å sette energimengdene det er tale om litt i perspektiv, vil rådmannen bruke det svenske atomkraftverket Ringhals som eksempel. Ringhals, som er eit av dei fem største atomkraftverka i Europa, hadde ein produksjon på 27,5 TWh i 2017. Dersom all vindkraft som har fått konsesjon i Noreg vart bygd ut (det vil sei nesten 23 TWh), ville det i likevel ikkje ha vore nok til å erstatte produksjonen til Ringhals. Det slåande her, i energipolitisk samanheng, er at 1 europeisk atomkraftverk frå eller til, kan ha større tyding for klimaet enn utbygginga av alle dei 85 konsesjonsgitte vindkraftverka i Noreg.

Når folk spør «er det *nødvendig*?», er det gjerne eit uttrykk for usikkerheit knytt til valet av vindkraft som klimatiltak. Er alternativa tilstrekkelig vurdert? Er dei for dyre, eller vanskelige? Er alle steinar snudd? Er vindkraft siste utveg? Kva med solenergi? ENØK-tiltak? Opprusting og utviding av vasskraft? Pumpekraft? Matsvinn? Oljeutvinning? Oljeeksport? Bioenergi?

I Regionplan Agder 2030 er det eit mål at verdiskaping skal være basert på bærekraftig bruk av menneskelige ressursar og naturressursar. I regionplanen det i denne samanheng regulerbar kraft og overføringskapasitet som er prioritert. I kommuneplanen sin samfunnsdel har Sirdal kommune sett seg mål om å utvikle kommunen som Noregs vasskraftsenter. Kapasiteten i Ertsmyra transformatorstasjon kunne i denne samanheng godt ha vore øyremerka prosjekt for opprusting og utviding av vasskraft. Ein oppfattar potencialet som stort på dette området.

Innspel til NVE sitt forslag

Eit generelt trekk ved dei 13 områda NVE har peika ut som best eigna for ny utbygging, er at det er relativt lite eller ingen utbygging av vindkraft der frå før. Om ramma vert fastsett slik, vil den kunne bidra til ytterligare spreining av utbygginga og auka den samla belastninga.

Dersom ein legg til grunn at norske myndigheiter meiner det er *nødvendig* å bygge ut meir vindkraft på land, vil utforminga av områda ein peikar ut som best eigna for utbygging avhenge av *mengda* ny vindkraft ein meiner det er nødvendig å bygge ut.

Etter rådmannen sitt syn bør ny utbygging så langt som råd leggst i nær tilknytning til eksisterande. Dette av omsyn til samla belastning for landet sett under eitt.

Ei utbygging av området mellom og Buheii- og Tonstad vindkraftverk ville i utgangspunktet kunne seiast å vera i tråd med denne føringa, men rådmannen meiner at det her er andre omsyn som talar i mot utbygging. Rådmannen vil i denne samanheng særleg trekke fram omsynet til hubro.

Hubroen er, som det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget bekreftar, særleg sårbar for forstyrringar ved hekkestaden og den er avhengig av gode jaktområde for å gjennomføre vellykka hekking.

I høve Ecofact var hekkebestanden av hubro i Sirdal noko usikker i 2017, men det var gjort positive registreringar av hubro frå ca. 15 territorier innanfor kommunen i 10-årspeioden før dette. I viltkartet til kommunen er tettleiken av hekkestader særleg høg frå Tonstad og sørover på begge sider av Sirdalsvatnet.

Rådmannen legg til grunn at den samla belastninga for hubro er aukande i denne delen av kommunen. Dette grunna utbygginga av Ertsmyra transformatorstasjon, Tonstad vindkraftverk, utbygging av hytter i Josdal og ei forventa utbygging av Buheii vindkraftverk i Kvinesdal kommune.

Utbygging av vindkraft kan komme i konflikt med kommuneplanen sin samfunnsdel, der kommunen mellom anna har sett seg mål om å bevare attraktive natur- og friluftsområder, satse på heilårsturisme, etablere naturbasert reiseliv, skape verdier av Kjeragtrafikken og vidareutvikle Sirdal fjellmuseum som ein naturleg innfallsport til verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylke- og Frafjordheiane med Heiberghiane og Kjerag.

Det vert satsa tungt på reiseliv og hytteutbygging i Sirdal kommune. Kommunen har omlag 4 300 fritids-bustad-einingar, fleire skitrekk og eit omfattande nettverk av turstiar og skiløyper. Det er registrert viktige og svært viktige regionale friluftsområder i store delar av kommunen.

NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft skal bygge på kjent kunnskap om ulike tema som blir vurdert for å finne eigna områder for vindkraftutbygging på land. Det er difor underleg at NVE har utelatt å bruke kartleggingar av viktige friluftsområder, ofte som egne fylkesdelplanar, når NVE har valt ut områder for vindkraft. NVE forklarar utelatinga av dette vurderingskriteriet med at det er nokre få fylker som manglar fylkesdelplan for friluftsliv. Dette er ikkje i tråd med metodikken som elles er nytta i arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft. Dersom viktige friluftsområde også hadde vore med i vurderingane, ville nasjonal ramme for vindkraft truleg sett annleis ut enn det gjer i høyringsutkastet.

Forslaget til nasjonal ramme for vindkraft må også sjåast i samanheng med manglande økonomiske kompensasjonsordningar til vertskommunar for vindkraft. I dag får kommunane berre eigedomsskatt frå vindkraftanlegga. Dette er sårbart for kommunane og står ikkje i forhold til dei inngrepa som vert gjort lokalt. Ordningar som naturressurskatt og konsesjonavgifter/kompensasjon til friluftslivstiltak bør innførast for vindkraft på lik linje med utbygging av vasskraft.

I praksis gir utbygging av vindkraft få lokale arbeidsplassar i driftsfasen til vindkraftverka. Ofte inngår service- og garantiavtaler i kjøpet av vindmøller. Service- og vedlikehaldsarbeid vert gjerne utført av utanlandsk arbeidskraft som ikkje nødvendigvis vert skattemesseg busett i vertskommunen.

Mange vindkraftprosjekter vert utvikla av mindre selskap som må innhente ekstern kapital for å bygge vindkraftverket. Regulatoriske krav gjer at norske selskap (typisk livselskap) ikkje kan investere meir enn 50 % i eit vindkraftverk. Dermed står ein att med utanlandske selskap som finansieringskjelde. Desse er ofte meir enn nøgde med 4-6 % årleg avkastning på kapitalen, samanlikna med negative renter på tyske statsobligasjonar. Sirdal kommune har erfart at utanlandske selskap si forståing av lovnadar, erklæringar og avtalar kan avvike noko frå den alminnelege norsk forståing av kva det vil sei å halda ord og avtalar.

Utbygging av vindkraft er unntatt plan- og bygningslova sine reglar om krav til reguleringsplan m.m. Sirdal kommune har dårlege erfaringar med NVE og OED si handtering av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplanar (MTA-planar), som kjem i plassen for ein reguleringsplan vedteken av kommunen. Kommunen har fått lite gehør for krav om at konsesjonsvilkår om involvering av kommunen og lokalsamfunnet må oppfyllest. Rådmannen meiner at MTA-planar i framtida bør underordnast kommunale reguleringsplanar, slik at kommunen styrer arealbruken i eigen kommune.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune går i mot vidare utbygging av vindkraft på land. Kommunen meiner at eit rikt land som Noreg kan og bør ta seg råd til å gjennomføre klimatiltak som er mindre arealkrevjande og har færre negative konsekvensar.

I den grad norske myndigheiter likevel meiner at utbygging av landbasert vindkraft i Noreg er ein *nødvendig* del av løysinga på klimakrisa, meiner Sirdal kommune dette bør skje innanfor klare nasjonale rammer som fastsetter kor mykje som kan byggast og kvar det kan byggast.

Ei ramme for mengda vindkraft som kan byggast, må være fundert i nasjonal klimapolitikk og fastsettast som del av ein heilskap av klimatiltak, eigna til å oppfylle nasjonale og internasjonale klimamål.

Av omsyn til samla belastning bør ny utbygging så langt som råd leggast i nær tilknytning til eksisterande. Om det er stor usikkerheit knytt til mengda vindkraft som *må* byggast ut for å

nå klimamåla, bør det stillast rekkefølgjekrav som sikrar at dei minst konfliktfylte prosjekta vert bygd ut først.

Viktige friluftsområde må også inngå som eit vurderingskriterium i arbeidet med den nasjonale ramma.

Ved eventuell vidare utbygging av vindkraft på land, må det i langt større grad takast omsyn til vertskommunane. Ordningar som naturressurskatt og konsesjonavgifter/kompensasjon til friluftslivstiltak bør innførast for vindkraft på lik linje med utbygging av vasskraft. MTA-planar bør underordnast kommunale reguleringsplanar, slik at kommunen styrer arealbruken i eigen kommune.

Sirdal kommune har allereie avstått store delar av sin natur til store inngrep knytt til vasskraft, overføringsnett av fornybar energi og vindkraftanlegg (eit under ferdigstilling og eit med konsesjon). Sirdal kommune krev difor at områda i Sirdal som ligg inne i forslaget til nasjonal ramme, vert tekne ut. Sirdal kommune støttar også at området mellom Sirdal vest, Bjerkreim og Gjesdal kommune vert teke ut av ramma. Dette av omsyn til eventuelle store naturinngrep og viktige friluftsinnteresser.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 03.09.2019 – PS 19/87.

Behandling

Før saken behandles skal det vurderes om Tom Inge Liland (SP) og Øystein Tjørhom (H) bør være inhabile i saken.

Votering:

Tom Inge Liland ble vurdert habil i votering med 6 mot 2 stemmer.

Øystein Tjørhom ble vurdert habil med 8 stemmer.

Forslag fra Terje Moen (H):

1. Nasjonal ramme for vindkraft på land er omfattende og skaper unødvendig støy og bekymringer. Rammen kartlegger store områder som mulig for vindkraftutbygging, også områder som er uaktuelle av forskjellig årsaker som for eksempel reiselivsnæring og annet.
Sirdal kommune er lang- og vidstrakt og enkelte områder i rammen kan være bedre egnet enn andre for vindkraftutbygging, hvert tilfelle må derfor behandles for seg. Reiselivsnæringen i Sirdal er svært viktig for dalen, preget av store investeringer, stor satsing og utgjør et høyt antall arbeidsplasser.
Sirdal kommune aviser på denne bakgrunn nasjonal ramme for vindkraft på land for den delen av øvre Sirdal som er avsatt til og berørt av den reiselivssatsingen.
2. Enkeltstående prosjekter, mindre prosjekter og fortetting kan behandles ihht. Nåværende regleverk med utgangspunkt i praksis, turiner og opparbeidet erfaring.
3. Ved videre utbygging av vindkraft på land, må det i langt større grad tas omsyn til vertskommunen. Ordningen som naturressursskatt og konsesjonsavgifter/kompensasjon til friluftslivstiltak bør innføres for vindkraft på lik linje med utbygging av vasskraft. MTA-planar bør underordnes kommunale reguleringsplaner, slik at kommunen styrer arealbruken i eigen kommune.

Votering

Rådmanns sitt forslag til vedtak ble tilrådt med 6 (2AP, SB, Krf, H, SP) mot 3 (SB, SP, H) stemmer.

Vedtak

Sirdal kommune går i mot vidare utbygging av vindkraft på land. Kommunen meiner at eit rikt land som Noreg kan og bør ta seg råd til å gjennomføre klimatiltak som er mindre arealkrevjande og har færre negative konsekvensar.

I den grad norske myndigheiter likevel meiner at utbygging av landbasert vindkraft i Noreg er ein *nødvendig* del av løysinga på klimakrisa, meiner Sirdal kommune dette bør skje innanfor klare nasjonale rammer som fastsetter kor mykje som kan byggast og kvar det kan byggast.

Ei ramme for mengda vindkraft som kan byggast, må være fundert i nasjonal klimapolitikk og fastsettast som del av ein heilskap av klimatiltak, eigna til å oppfylle nasjonale og internasjonale klimamål.

Av omsyn til samla belastning bør ny utbygging så langt som råd leggjast i nær tilknytning til eksisterande. Om det er stor usikkerheit knytt til mengda vindkraft som *må* byggast ut for å nå klimamåla, bør det stillast rekkefølgjekrav som sikrar at dei minst konfliktfylte prosjekta vert bygd ut først.

Viktige friluftsområde må også inngå som eit vurderingskriterium i arbeidet med den nasjonale ramma.

Ved eventuell vidare utbygging av vindkraft på land, må det i langt større grad takast omsyn til vertskommunane. Ordningar som naturressurskatt og konsesjonavgifter/kompensasjon til friluftslivstiltak bør innførast for vindkraft på lik linje med utbygging av vasskraft. MTA-planar bør underordnast kommunale reguleringsplanar, slik at kommunen styrer arealbruken i eigen kommune.

Sirdal kommune har allereie avstått store delar av sin natur til store inngrep knytt til vasskraft, overføringsnett av fornybar energi og vindkraftanlegg (eit under ferdigstilling og eit med konsesjon). Sirdal kommune krev difor at områda i Sirdal som ligg inne i forslaget til nasjonal ramme, vert tekne ut. Sirdal kommune støttar også at området mellom Sirdal vest, Bjerkreim og Gjesdal kommune vert teke ut av ramma. Dette av omsyn til eventuelle store naturinngrep og viktige friluftsinnteresser.

Saksprotokoll i Formannskapet - 05.09.2019 – PS 19/105

Behandling

Utvalg for teknikk, landbruk og miljøes innstilling ble enstemmig tilrådt.

Formannskapets tilråding

Sirdal kommune går i mot vidare utbygging av vindkraft på land. Kommunen meiner at eit rikt land som Noreg kan og bør ta seg råd til å gjennomføre klimatiltak som er mindre arealkrevjande og har færre negative konsekvensar.

I den grad norske myndigheiter likevel meiner at utbygging av landbasert vindkraft i Noreg er ein *nødvendig* del av løysinga på klimakrisa, meiner Sirdal kommune dette bør skje innanfor klare nasjonale rammer som fastsetter kor mykje som kan byggast og kvar det kan byggast.

Ei ramme for mengda vindkraft som kan byggast, må være fundert i nasjonal klimapolitikk og fastsettast som del av ein heilskap av klimatiltak, eigna til å oppfylle nasjonale og internasjonale klimamål.

Av omsyn til samla belastning bør ny utbygging så langt som råd leggjast i nær tilknytning til eksisterande. Om det er stor usikkerheit knytt til mengda vindkraft som *må* byggast ut for å nå klimamåla, bør det stillast rekkefølgjekrav som sikrar at dei minst konfliktfylte prosjekta vert bygd ut først.

Viktige friluftsområde må også inngå som eit vurderingskriterium i arbeidet med den nasjonale ramma.

Ved eventuell vidare utbygging av vindkraft på land, må det i langt større grad takast omsyn til vertskommunane. Ordningar som naturressurskatt og konsesjonsavgifter/kompensasjon til friluftslivstiltak bør innførast for vindkraft på lik linje med utbygging av vasskraft. MTA-planar bør underordnast kommunale reguleringsplanar, slik at kommunen styrer arealbruken i eigen kommune.

Sirdal kommune har allereie avstått store delar av sin natur til store inngrep knytt til vasskraft, overføringsnett av fornybar energi og vindkraftanlegg (eit under ferdigstilling og eit med konsesjon). Sirdal kommune krev difor at områda i Sirdal som ligg inne i forslaget til nasjonal ramme, vert tekne ut. Sirdal kommune støttar også at området mellom Sirdal vest, Bjerkreim og Gjesdal kommune vert teke ut av ramma. Dette av omsyn til eventuelle store naturinngrep og viktige friluftsinnteresser.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 05.09.2019 – PS 19/98

Behandling

Fellesforslag fra SP, Krf, H, AP og V fremmet av Per Øyvind Grimsby V:

Sirdal kommunestyre seier eit tydeleg NEI til utbygging av meir vindkraft i vår kommune.

Sirdal kommune har allereie tatt eit betydeleg ansvar ved å være vertskommune for store vasskraftanlegg. Tonstad kraftverk leverer aleine meir enn 4 TWh fornybar energi til storsamfunnet. Sirdal kommune kan langt på veg kalle seg Norges vasskrafthovudstad, noko vi som kommune er stolt av.

Sirdal kommune meiner at det framleis er betydelege moglegheiter til oppgradering og utviding innan vasskraft, og at det først og fremst er innanfor denne energiforma ein skal leita etter nye moglegheiter for ny fornybar energi i Sirdal.

Sirdal kommune ser gjennom utbygginga av Tonstad vindpark at vindkraft gir eit heilt anna fotavtrykk enn vasskraft. Vindkraft er svært arealkrevjande, og gir store negative verknader på natur og dyreliv. Sirdal kommune er i tillegg sterkt uroa for bumiljøet i grendene, og ikkje minst reduserte

moglegheiter til å skape framtidige arbeidsplassar. Naturen i Sirdal har ein enorm marknadsverdi og attraksjon, og i framtida vil truleg dette være ein av dei viktigaste ressursane til å skape nye arbeidsplassar og busetting i dalen vår.

Dette er Sirdal kommune si høyringsfråsegn til nasjonal rammeplan for vind.

Votering

Fellesforslaget fra SP, Krf, H, AP og V ble vedtatt med 17 mot 2 (SP1,SB1) stemmer.

Vedtak

Sirdal kommunestyre seier eit tydeleg NEI til utbygging av meir vindkraft i vår kommune.

Sirdal kommune har allereie tatt eit betydeleg ansvar ved å være vertskommune for store vasskraftanlegg. Tonstad kraftverk leverer aleine meir enn 4 TWh fornybar energi til storsamfunnet. Sirdal kommune kan langt på veg kalle seg Norges vasskrafthovudstad, noko vi som kommune er stolt av.

Sirdal kommune meiner at det framleis er betydelege moglegheiter til oppgradering og utviding innan vasskraft, og at det først og fremst er innanfor denne energiforma ein skal leita etter nye moglegheiter for ny fornybar energi i Sirdal.

Sirdal kommune ser gjennom utbygginga av Tonstad vindpark at vindkraft gir eit heilt anna fotavtrykk enn vasskraft. Vindkraft er svært arealkrevjande, og gir store negative verknader på natur og dyreliv. Sirdal kommune er i tillegg sterkt uroa for bumiljøet i grendene, og ikkje minst reduserte moglegheiter til å skape framtidige arbeidsplassar. Naturen i Sirdal har ein enorm marknadsverdi og attraksjon, og i framtida vil truleg dette være ein av dei viktigaste ressursane til å skape nye arbeidsplassar og busetting i dalen vår.

Dette er Sirdal kommune si høyringsfråsegn til nasjonal rammeplan for vind.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent

Parter i saken